

## Kravspesifikasjon med omtale av oppdraget

Alle kommunane (heretter omtala som Kommunen) er tilslutta avtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA).

### Følgjande regelverk ligg til grunn for Kommunen si bedriftshelsetenesteordning:

- Lov av 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid, stillingsvern med mer (arbeidsmiljølova). Sist endra LOV-2018-06-15-38 frå 20.07.18.
- Forskrift om systematisk helse- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6. desember 1996 nr 1127 (Internkontrollforskriften). Sist endra FOR-2017-06-09-719 frå 01.07.17.
- Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning av 6. desember 2011 nr. 1355. Sist endra FOR-2017-12-20-2352 frå 01.01.18.
- Forskrift om administrative ordningar på arbeidsmiljølovens område av 6. desember 2011 nr 1360. Sist endra FOR-2017-05-15-602 frå 01.01.18.
- Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven), LOV-2016-06-17-73, sist endra LOV-2017-04-21-18.
- Forskrift om offentlige anskaffelser av 15. juni 2001 med seinare endringar. FOR-2016-08-12-974.

Leverandøren pliktar seg til å yte tenesta i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar for bedriftshelsetenesta.

Leverandøren skal setja av ein fast kontaktperson for kvar einskild kommune.

Personalet i BHT må vera organisert slik at dei er i stand til å gje ei fullgod og førebyggjande hjelp med kompetanse innan følgjande område:

- Arbeidsmedisin/arbeidshelse
- Yrkeshygiene
- Ergonomi
- Psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø
- Systematisk HMS-arbeid
- Jordmor

Bedriftshelsetenesta skal ved behov:

- Gje hjelp i følgje forskrift om organisering, ledelse og medvirkning av 6. desember 2011 nr. 1355. Sist endra FOR-2017-12-20-2352 frå 01.01.18. §§13-2 og 13-3.

Grundigare oversikt over tenesta følgjer under, men oppstillinga er ikkje uttømmende.

## Innhold

<b>A. HMS-planlegging</b> .....	<b>3</b>
A.1 Årlege samarbeidsmøte .....	3
A.2 Samarbeidsmøte med kontaktperson i kommunen .....	3
A.3 Deltaking i IA-gruppa (underutvalg AMU).....	3
A.4 Møte med verneombod .....	3
A.5 Årsrapport .....	3
A.6 Rådgeving ved gjennomgang og utarbeiding av HMS-system .....	3
A.8 Deltaking i AKAN-saker .....	4
A.9 Deltaking i byggekomitear og brukargrupper .....	4
A.10 Innreiing av nye kontor .....	4
A.11 Deltaking i prosjekt .....	4
<b>B. Kartlegging</b> .....	<b>5</b>
B.1 Risikovurdering.....	5
B.2 Vernerunde .....	5
B.3 Ergonomisk kartlegging/arbeidsplassvurdering.....	5
B.4 Kartlegging av organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø.....	5
B.5 Kartlegging av inneklima .....	5
B. 6 Kartlegging av støy .....	5
B. 7 Kartlegging av belysning.....	6
<b>C. Undervisning</b> .....	<b>7</b>
C.1 HMS-kurs («40t-kurs») .....	7
C.2 Førstehjelp.....	7
C.3 Risikovurdering.....	7
C.4 Ergonomisk opplæringstilbud .....	7
C5. Psykisk helse .....	8
C.6 Livsstilsveiledning (trening og kosthald) .....	8
C.7 Krisehandtering .....	8
C.8 Bruk av verneutstyr .....	8
C.9 Deltaking på personalmøte og andre møte .....	8
C.10 Vald og truslar .....	8
<b>D. Individuell oppfølging</b> .....	<b>9</b>
D.1 Konsultasjon hos lege, fysioterapeut og sjukepleiar .....	9
D.2 Konsultasjon hos jordmor .....	9
D.3 Vaksinerings.....	9
D.4 Helseundersøkingar .....	9
<b>E. Sjukefråvær og tilbakeføring til arbeid</b> .....	<b>10</b>
E.1 Sjukefråversoppfølging.....	10
E.2 Individuelle oppfølgingssaker .....	10
<b>F. Kriseberedskap</b> .....	<b>11</b>

## A. HMS-planlegging

Kommunen kan velgja å bruka møtetimane til generell veiledning eller til ein konkret sak. Dersom kommunen ikkje har f.eks IA- eller AKAN-gruppe, kan kommunen bruka den unytta møtetida til andre føremål.

### A.1 Årlege samarbeidsmøte

*Dette punktet skal inngå i det faste oppdraget til bedriftshelsetenesta.*

Det skal vera to årlege samarbeids-/statusmøte (totalt 3 timar) med BHT og kommunen. Overordna samarbeidsplan med BHT og samarbeidsplan for dei ulike einingane/ resultatområda skal verta gjennomgått.

Det skal vere samarbeidsmøte med utvalde einingar kvart år samt utarbeiding av samarbeidsplan. (1 time per møte). Sjå konkurransegrunnlaget for tal møter per kommune.

### A.2 Samarbeidsmøte med kontaktperson i kommunen

Dette punktet må kommunen kunne bestille etter behov.

Bedriftshelsetenesta sin kontaktperson skal ha jamlege møte med kontaktperson i kommunen.

### A.3 Deltaking i IA-gruppa (underutvalg AMU)

*Dette punktet skal inngå i det faste oppdraget til bedriftshelsetenesta.*

Bedriftshelsetenesta sin kontaktperson mot kommunen skal delta i 2 møter (totalt 4 timar) i IA-gruppa årleg. IA-gruppa er eit underutvalg av AMU som jobbar for å nå dei ulike delmåla i Avtalen om eit inkluderande arbeidsliv. Dersom kommunen ikkje har ei IA-gruppe kan desse timane nyttast på noko anna etter kommunen sitt behov.

### A.4 Møte med verneombod

*Dette punktet skal inngå i det faste oppdraget til bedriftshelsetenesta.*

1 møte i året inntil 3 timar per møte.

### A.5 Årsrapport

*Dette punktet skal inngå i det faste oppdraget til bedriftshelsetenesta.*

Bedriftshelsetenesta skal skrive årsrapport til kommunen kvart år i desember/januar. Rapporten skal skildre samarbeidet kommunen har hatt med BHT innanfor helse, miljø og tryggleik det siste året. Dette gjeld først og fremst oppgåver som er nedfelt i samarbeidsplanen. Eventuelle oppgåver BHT har utført utover avtalane i samarbeidsplanen skal og forklarast. Målet med rapporten er å gje tilbakemelding til kommunen om fjorårets samarbeid og om avtalar er følgde. Rapporten skal sendast til kontaktperson.

### A.6 Rådgeving ved gjennomgang og utarbeiding av HMS-system

BHT skal gje hjelp til gjennomgang og utarbeiding av HMS-systemet dersom kommunen ber om det.

#### A.7 Deltaking i arbeidsmiljøutval (AMU)

*Dette punktet skal inngå i det faste oppdraget til bedriftshelsetenesta.*

BHT skal vera representert på fire AMU-møte per år (totalt 10 timer). BHT har fast orienteringssak ca 10-15 minutt om aktuelle saker innan HMS på kvart AMU-møte. Tema er avtalt med kontaktperson i kommunen på førehand. BHT kan gje informasjon og råd om verne spørsmål og arbeidsmiljøtiltak. BHT har ei fri og uavhengig stilling i arbeidsmiljøspørsmål. Dei har ikkje stemmerett, men forslag- og talerett, i utvalet. Målet med deltakinga er å hjelpe kommunen i arbeidet med å betre arbeidsmiljøet og førebyggje arbeidsrelaterte skader og sjukdommar.

#### A.8 Deltaking i AKAN-saker

*Dette punktet skal inngå i det faste oppdraget til bedriftshelsetenesta.*

BHT skal vera representert på 1 AKAN møte per år (1 time). Kommunen kan velge om den ønskjer å bruke denne timen til generell veiledning eller til ein konkret sak.

Ved AKAN-spørsmål må bedriftshelsetenesta kunne bistå med informasjon og råd av førebyggjande karakter, samt delta i AKAN-saker ved behov.

#### A.9 Deltaking i byggekomitear og brukargrupper

Dette punktet må kommunen kunne bestille etter behov.

Ved planar om å bygge nye og/eller bygge om lokaler kan det setjast ned eit utval i kommunen i form av ein byggekomite eller ei brukargruppe. BHT skal delta som medlem i denne gruppa dersom kommunen ber om det. BHT kan gje råd vedkommande arbeidsmiljølova med forskrifter, råd som gjeld utforming av kravspesifikasjonar eller konkret tilrettelegging av arbeidsplassar. Målet er å ivareta helse-, miljø- og tryggleik for dei tilsette og unngå kostbare endringar når bygget/lokala står ferdig.

#### A.10 Innreiing av nye kontor

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal gje råd og rettleiing ved innreiing av nye kontor i nybygg, flytting, ominnreiing, osv. dersom kommunen ber om det. Råda gjeld både innkjøp av utstyr/møblar og plassering. Målet med rådgjevinga er å førebygge arbeidsrelaterte plager.

#### A.11 Deltaking i prosjekt

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

Ved førespurnad skal BHT kunne sitje i styringsgruppa eller prosjektgruppa i ulike HMS-prosjekt.

## B. Kartlegging

### B.1 Risikovurdering

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal kunne gjennomføre risikovurderingar etter førespurnad, samt gje råd og rettleiing i samband med gjennomføring av risikovurderingar. BHT skal òg gje råd ved rapportering og utarbeiding av handlingsplanen dersom Kommunen ber om det.

### B.2 Vernerunde

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

Gjennomføring av vernerunde skal skje etter gjeldande retningsliner i kommunen. BHT skal på førehand informere om målet med og gangen i ei vernerunde dersom kommunen ber om det. Målet med vernerundar er å få ei oversikt over arbeidsmiljøfaktorer som bør betrast. Dette som eit bidrag til å førebygge arbeidsrelaterte skader og sjukdommar.

### B.3 Ergonomisk kartlegging/arbeidsplassvurdering

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal ved behov gje tilsette tilbod om ergonomisk kartlegging. Arbeidsforholda skal vurderast ut frå materielle forhold, oppgåvetypar og arbeidsomfang samt individuell kapasitet både fysisk og psykisk. Kartlegginga skal resultere i forslag til forbetringstiltak dersom arbeidssituasjonen ikkje er tilfredsstillande. Målet med kartlegginga er å førebygge arbeidsrelaterte lidingar, både fysisk og psykisk.

### B.4 Kartlegging av organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

### B.5 Kartlegging av inneklima

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal hjelpe til med kartlegging av inneklima dersom kommunen ber om det. Kartlegging av inneklima inneber blant anna gjennomføring av målingar og vurdering av rutiner i høve til ventilasjon, bygningsmaterieil, reinhald, meteorologiske data osv. og i forhold til kartlegging av støv. Kartlegging av støv kan gjerast både i forhold til mengde i luft og i forhold til samansetning. Det kan òg målast i forhold til personleg eksponering eller stasjonert ved eit gitt punkt. Målet med ei slik kartlegging er å førebygge helseplager som kan oppstå som følge av dårleg inneklima. Målet kan òg vera å dokumentere/avkrefte inneklimaproblematikk. Det vert vist til Arbeidstilsynet si rettleiing om Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen, og Folkehelsa si rettleiing Anbefalte faglige normer for inneklima.

### B. 6 Kartlegging av støy

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

Kartlegging av støy betyr å måle uønska lyd over kortare eller lengre tid. BHT skal hjelpe til med dette dersom kommunen ber om det. Målet med kartlegginga er å førebygge hørselsskade og andre plager som kan oppstå i samband med støy/uønska lyd.

## B. 7 Kartlegging av belysning

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

Kartlegging av belysning kan gjerast både i høve til personleg belysningsbehov og i forhold til allmennbelysning. Målet med ei slik kartlegging er å førebygge helseplagar som kan oppstå i samband med dårleg belysning.

## C. Undervisning

Undervisning som nemnt under skal gjevast på eit fagleg forsvarleg nivå. BHT skal ha rutinar som sikrar dette. Kursa kan arrangerast i kommunen, men ein ønskjer òg pris på kurs haldne i BHT sine lokale. I prisane skal alle kostnader vere inkludert (køyring, forarbeid, møte, kursmateriell og etterarbeid). Det må spesifiserast dersom lunsj og leige av lokale kjem i tillegg.

Kommunen tek atterhald om retten til å kunne bestille slike kurs frå eksterne aktørar, dersom dette er tenleg for kommunen. (For eksempel nyttar enkelte kommunar i dag Røde Kors til å halde førstehjelpskurs.) Kommunen bindar seg dermed ikkje til å kjøpe kurs av BHT.

***Kapasitet: Gje opp kor mange gonger per år slike kurs kan verta tilbode.***

### C.1 HMS-kurs («40t-kurs»)

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

Kommunen ønskjer oversikt over alle hovudtema i HMS-kursa og tidsbruk, timar/dagar.

BHT skal kunne levere grunnleggjande HMS-kurs og HMS-kurs retta mot leiarar i tråd med arbeidsmiljølova sine reglar dersom kommunen ber om det.

Målgruppa er leiarar, verneombud og medlemmer av arbeidsmiljøutval. Kurset er ei innføring i korleis verne- og miljøarbeid skal drivast. Målet med kurset er å auke kunnskap om helse-, miljø- og tryggleiksarbeid på arbeidsplassen i tråd med gjeldande regelverk.

### C.2 Førstehjelp

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal levere kurs i førstehjelp dersom kommunen ber om det. Målet er å auke kunnskapen om førstehjelp.

### C.3 Risikovurdering

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal levere kurs i risikovurdering dersom kommunen ber om det. Undervisninga skal gje ei innføring i kva risikovurdering er og korleis ho kan gjennomførast. Målet med kurset skal vera å auke kunnskapen om praktisk gjennomføring av risikovurdering. Dette som ei hjelp til å førebygge arbeidsrelaterte helseskader. Det vert vist til Arbeidstilsynet si Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6. desember 1996 nr. 1127 (Internforskriften). Sist endra FOR-2017-06-09-719 fra 01.07.2017

### C.4 Ergonomisk opplæringstilbud

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal kunne levere ergonomisk opplæring, både individuell opplæring og opplæring for større grupper. Målgruppa er leiarar og tilsette som har behov for opplæring innan ergonomi. Det skal gjevast ei innføring i enkel anatomi, muskelbruk og belastingsforhold knytta til arbeidssituasjonen. Gode råd vedkomande ergonomisk tilrettelegging av arbeidsplassen skal vera inkludert, samt øvingar som bevisstgjer bruk av ledd- og musklar og avspenning. Målet

er å auke kunnskapen og gjere det mogleg for den enkelte å kunne førebygge belastnings-skader på eigen kropp.

#### C5. Psykisk helse

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal kunne levere undervisning knytta til psykisk helse. Målgruppa er leiarar og tilsette som har behov for opplæring.

Eksempel på kurs kan vera:

- stressmeistring, dvs. informasjon om korleis stress verkar på kroppen og om meistringsteknikkar med blant anna praktiske øvingar
- utfordringar knytta til personar med psykiske lidningar i ein arbeidssituasjon

Målet med kursa skal vera å auke kunnskapen som eit bidrag til å førebygge/handtere utfordringar knytta til psykisk helse.

#### C.6 Livsstilsveiledning (trening og kosthald)

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal kunne levere undervisning i sunn livsstil med fokus på kosthald og trening, både individuell opplæring og opplæring for større grupper. Målgruppa er alle leiarar og tilsette ved behov. Målet er å betre eiga helse med enkle tiltak knytta til eigen livsstil.

#### C.7 Krisehandtering

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov

BHT skal kunne levere undervisning om krisehandtering. Målgruppa er leiarar og tilsette som har behov for opplæring. Det skal verta gitt informasjon om normale krisereaksjonar etter alvorlege uhell eller uønska hendingar, og om korleis ein kan unngå langvarige ubearbeidde reaksjonar. Målet skal vera å auke kunnskapen om normale krisereaksjonar. Dette som eit bidrag til å førebygge seinskader.

#### C.8 Bruk av verneutstyr

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal kunne levere undervisning om bruk av verneutstyr. Målgruppa er leiarar og tilsette som har behov for opplæring i bruk av verneutstyr. Målet skal vera å auke kunnskapen om helsefarlege eksponeringar. Dette som eit bidrag til å førebygge helseskader.

#### C.9 Deltaking på personalmøte og andre møte

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

#### C.10 Vald og truslar

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal kunne levere kurs i vald og truslar. Målgruppa er alle tilsette som har behov for slik kompetanse i sin arbeidskvardag. Målet er å auke kompetansen om temaet, sikre arbeidstakarane våre, og trygge dei i arbeidet.

## D. Individuell oppfølging

### D.1 Konsultasjon hos lege, fysioterapeut og sjukepleiar

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal kunne tilby arbeidstakarar hjelp/retteleing ved fysiske og psykiske arbeidsrelaterte plager. Denne hjelpa er meint å avdekke og veilede medarbeidar og arbeidsgjevar i høve til forhold på arbeidsplassen, den skal ikkje erstatte det forholdet den enkelte medarbeidar har til sin fastlege. Ved at bedriftshelsetenesta får informasjon om arbeidstilhøva i kommunen kan dette vera nyttig for å førebygge eventuelle arbeidsmiljøproblem. I slike situasjonar skal BHT vurdere moglege årsaker til samanheng mellom helseplagar/sjukdom og arbeidsmiljø, og kome med forslag til tiltak/forbetringar. BHT skal bistå arbeidsgjevar, arbeidstakarane, arbeidsmiljøutval og verneombod med å skape sunne og trygge arbeidforhold. BHT har teieplikt i høve til helsemessige og personlege opplysningar, og pliktar å behandle slike opplysningar i samsvar med gjeldande reglar om teieplikt. Dersom det vert behov for samarbeid med arbeidsstaden i enkeltsaker, skal dette berre skje etter samtykke frå arbeidstakaren.

### D.2 Konsultasjon hos jordmor

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

### D.3 Vaksinerings

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

Vaksinasjonar etter behov hos risikoutsette grupper.

BHT skal kunne gje råd og informasjon når det gjeld vaksiner som er nødvendig i høve til arbeidssituasjon, arbeidsstad og risikotilhøve for kommunen sine medarbeidarar.

### D.4 Helseundersøkingar

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal gjennomføre lovpålagde helseundersøkingar. I tillegg kan det verta aktuelt med helseundersøkingar av andre risikoutsette grupper.

## E. Sjukefråvær og tilbakeføring til arbeid

### E.1 Sjukefråversoppfølging

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

BHT skal bistå kommunen i utarbeiding av rutinar for oppfølging av sjukemeldte dersom kommunen ber om det. BHT skal delta i dialogmøte når kommunen ber om det. Ved ei eventuell endring av lovverk på dette området, skal oppfølginga av BHT følgje det nye lovverket.

BHT skal stilla med ein fast representant på desse møta dersom kommunen ber om det. Føremålet er å sikre best mogleg oppfølging i sjukefråveret.

### E.2 Individuelle oppfølgingssaker

*Dette punktet skal inngå i det faste oppdraget til bedriftshelsetenesta.*

BHT skal kunne gje råd til den enkelte arbeidstakar/arbeidsgjevar som har behov for bedriftsintern eller yrkesretta rettleiing med inntil 15 klokketimar per år. BHT skal òg bistå kommunen dersom det er behov for spesielle tilretteleggingar i høve til den enkelte arbeidstakar. Dette skal medverke til at arbeidstakarar, som på grunn av helse ikkje klarar arbeidet sitt, får nødvendig hjelp. Det vert vist til *Lov av 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid, stillingsvern med meir (arbeidsmiljølova)*. Sist endra *LOV-2018-06-15-38 frå 20.07.18*.

BHT kan ikkje setja i verk noko arbeid på oppdrag for ein arbeidstakar utan at dette er avklart med kommunen først.

## F. Kriseberedskap

Denne tenesta må kommunen kunne bestille etter behov.

Kommunane set krav til bedriftshelsetenesta om å stille opp ved akutte kriser, og bidra med hjelp både i akuttfasen og i oppfølging av tilsette og arbeidsplassen i tida etterpå. Det er forventa at bedriftshelsetenesta kan stille på kort varsel ved slike krisesituasjonar.